



Kålås & Sønn Byggevarehandel
Sauvågen 83
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/5472 - 15/29691

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
16.09.2015

Mellombels bruksløyve - gbnr 195/10 Leknes - småbåthavn

Administrativt vedtak. Saknr: 393/15

Tiltakshavar: Leknes Brygge AS, 5914 Isdalstø

Ansvarleg søkjar: Kålås & Sønn Byggevarehandel AS, 5915 Hjelmås

Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar/tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 24.09.2012. Ansvarleg søkjar/tiltakshavar har stadfesta at tiltaket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Grusing av kaiområdet.

Mellombels bruksløyve gjeld deler av tiltaket: veg, parkeringsplass, sti, trapp og flytebrygger.

Det vert ikkje søkt mellombels bruksløyve for resterende deler av tiltaket; naust og kran for heising av båtar.

Ansvarleg søkjar/tiltakshavar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 31.08.2016.

Det vert elles vist til søknad motteken 24.08.2015.

VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for delar av tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

Skildring

| | |
|-----------------|------------|
| Adresse: | Leknes |
| Bygningstiltak: | Småbåthavn |

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for småbåthavn på gnr. 195, bnr. 10 på følgjande vilkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld fylgjande del av tiltaket: veg, parkeringsplass, sti, trapp og flytebrygger.
2. Søknad om ferdigattest skal liggje føre innan 31.08.2016.



Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra.

Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/5472

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

| | | |
|--------|-----------------------|-------------|
| 10.2 | Pbl §20-1 | Gebyr |
| 10.2.8 | Mellombels bruksløyve | Kr. 2.900,- |

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato.

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Tor Hegle
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Leknes Brygge AS v/Vidar Bernes Kvassnesvegen 11 5914 ISDALSTØ

Mottakarar:

Kållås & Sønn Byggevarehandel Sauvågen 83 5915 HJELMÅS